

Nr. 1 - 2004 19. årgang

FOLK

TIDSSKRIFT MED UNDERVISNING TIL VEKKELSE - FORNYELSE - MISJON



Lær den unge...

Å fostra til modnad

– å utrusta til teneste

Det handlar om å vera åndelege foreldre som kan hjelpa barn og unge til å verta modne menneske som kan tena andre. Det handlar om å bry seg om heile mennesket og hjelpa folk å verta heile og sterke, så dei kan vera med å bera andre sine bærer. Alle foreldre bør sjølvsgagt vera åndelege foreldre, men det å vera åndelege fedrar og mødrer er ikkje avgrensa til eigne biologiske barn. Det handlar om å vera noko for andre. Det handlar om å hjelpa dei å veksa og modnast. Det handlar om å hjelpa menneske til å finna sin plass og si teneste i det kristne fellesskapet og i storsamfunnet.

Familien er den viktigaste byggjeklossen i samfunnet. Mange forstår det ikkje endå, jamvel om det er innlysande at det er slik. Samfunnsutviklinga viser oss at om heimane sviktar, står andre samfunnsinstitusjonar makteslause med store problem i fanget. Sjølvsgagt vert familielivet i stor grad forma av rådande politiske ideologiar og påverknad i skule og utdanning. Måten politikarane legg tilrettes for familiane til å fungera godt saman, er avgjerande for familiane si utvikling. Hadde politikarane forstått kor viktig familien er, kor viktig det er at far og mor og barn har trygge kår, ville ein kanskje prioritert annleis. I dag er det vanskeleg for ein familie å leva på ei lønn. Forholda er slik at begge foreldre helst må ut i arbeidslivet om dei skal kunna forsørgja barna etter vanleg standard. Dei som er vakne kan sjå at dette er ei utvikling som fører til ei undergraving av familien som ein trygg og varm institusjon, og gjer det vanskelegare for foreldra å vera alt dei ønskjer for barna sine.

Fars rolle i familien er utsett i dagens samfunn med frigjering og likestilling og såkalla "millimeterrettferd" kor alt skal vera likt fordelt. Vi treng å gjenreisa den bibelske farsrolla i heimane. Det vil gjera det lettare for mor å vera ei god mor og det vil verta tryggare å vera barn! Gud har gjort far til konge, prest og profet i heimen. Det er på tid at kristne menn tek ansvar, arbeidar hardt, legg livet sitt ned og tener kone og barn slik Gud vil. Det er dette Bibelen kallar å elska kona si og barna sine.

"Alle foreldre bør sjølvsgagt vera åndelege foreldre, men det å vera åndelege fedrar og mødrer er ikkje avgrensa til eigne biologiske barn"

Foreldreansvaret er noko alle foreldre må vera medvetne om for mange vil ta det frå dei og overføra det til statlege institusjonar. Kristne har til alle tider vore i fremste rekkje for å sloss for foreldreretten og foreldreansvaret. Denne kampen går for fullt i vår tid også. Det gjeld å vera vakne. Heile framtida til vår sivilisasjon står på spel! Foreldre har rett og plikt til å oppseda barna sine til tru og lydnam. Foreldre har ansvar for barna si vokster og utvikling på alle område av livet. Foreldreansvaret er eit stort ansvar som Gud har lagt på alle foreldre. Vi må ta det på alvor!

Åleineforeldra står i store utfordringar i samfunnet i dag. Serleg fordi dei ofte vert ståande så heilt åleine! Det er eit stort ansvar og vanskeleg arbeid å oppseda barn åleine. Det kristne fellesskapet kjem her inn som ei hjelp med store resursar. Det kristne fellesskapet vert som ein storfamilie kor alle hjelper kvarandre. I dag vekst svært mange barn opp i familiar med berre ein av foreldra. Dei slit med utfordringar på mange område, ikkje minst økonomisk. Det er om å gjera at kristne er vakne og ser ansvaret

sitt for å hjelpa dei som er åleine med foreldreansvaret. Åleineforeldre sit inne med store menneskelege resursar og vi må innretta oss slik at dei kan frigjerast til teneste for fellesskapet i staden for å verta køyrd fast i den harde kampen for å overleva.

Oppdraget vårt er oppseding og oppbygging. Vi skal gjera barn og unge i stand til å møte livet sine mange utfordringar på ein god måte. Vi skal hjelpa unge menneske til å ta ansvar i

samfunnet. Vi skal hjelpa folk å verta som dei skal, slik dei er meint å vera, så dei kan tena Guds plan og byggja gode samfunn. Oppsedinga legg grunnvollen for utvikling og framtid. Oppsedinga sår frø som vil gro og bera frukt. Difor er det så viktig at vi veit kva vi sår, for det vi sår skal vi hausta!

TEKST: ERLING THU
et@krinet.no

FOLK nr. 1 - 2004



Målet med oppsedinga
– side 4




Familiens rolle i samfunnet
– side 14



Fars rolle i familien
– side 7




Å tjene Gud i heimen
– side 16



Foreldreansvaret
– side 9



Det er nå det gjelder
– side 19



Ropet etter åndelige
foreldre – side 11



De farløses Far og enkers
forsvarer – side 21

FOLK

Utgiver: Kristent Nettverk,
Postboks 3180 Årstad,
5829 Bergen

Ansvarlig redaktør: Erling Thu
Redaktør: Stein Ørnhaug
Abonnement: kr. 200,- pr år
Utkommer med 4 nummer i året.
Kontonr.: 9524.05.04996
Opplag: 3000 eks.

Grafisk formgivning og produksjon:
Mandag Media www.mandagmedia.no
Foto/illustrasjon.: Hilde Steffensen m.fl.

Epost: folk@kristent-nettverk.no
Internett: www.folk.as

Kristent  **Nettverk**
- tjenere i fellesskap

Kristent Nettverk er et fellesskap av kristne ledere som opplever at Gud har ført dem sammen for tjene Ham. Stiftelsen er opprettet av Noralv Askeland og Erling Thu, og representerer det apostoliske teamet de leder. Kristent Nettverk er ikke noe kirkesamfunn, men et apostolisk nettverk av kristne som arbeider sammen. Vi arbeider ut fra den tro at i Jesu legeme er vi alle gjensidig avhengige av hverandre, og at vi er forpliktet på Bibelen - Guds ord - for alt vi lærer og gjør.

Målet med oppsedinga

Oppseding er ikkje noko som hender av seg sjølv eller som går i mange retningar. All oppseding har klare mål om å formidla verdiar, vaner, seder og å byggja ein god karakter inn i menneske som let seg forma og utvikla til noko betre enn dei no er. Tanken bak all oppseding er at det finnest noko godt, eit flott ideal, eit mål å strekkja seg ut mot. Alle som arbeidar med oppdraging og oppseding ser føre seg gode skikkar, nyttige vanar, høvisk oppførsel, eller styrande verdiar som rettferd, ærlegdom, truskap, godleik, omtanke osv. som dei ønskjer at dei dei har ansvar for skal gjera til sine egne.

Vi finn det same i Bibelen. Når Gud gjev oppdragaransvar til nokon, kjem han alltid med klare mål dei skal prøva å nå i oppsedargjerna si. Det er dette vi skal prøva å sjå litt på i denne artikkelen: Målet for oppsedinga. Jamvel om det vi seier går direkte på det å oppseda barn, har vi eit større perspektiv i tankane med det vi seier om oppdraging. Oppseding og opplæring er eit oppdrag det kristne fellesskapet har i forhold til alle kristne og til menneske i samfunnet ein er ein del av.

Vi har andre stader i dette nr. av Folk teke opp foreldreretten og foreldreansvaret til å oppseda barna til tru og lydnad. No vil vi berre understreka at det kristne fellesskapet er sanninga støtte og grunnvoll og har som oppgåve i verda å halda oppe det som er sant og rett og skapa grunnlag for eit fritt samfunn som byggjer på rettferdige lover som vernar om menneskelivet. I denne samanhengen forstår vi at vi har eit oppsedaransvar i forhold til storsamfunnet som vi ikkje må ta lett på.

Utvalt til å velsigna alle ætter på jorda ved å oppseda til å gå på Guds veg

Då Gud kalla Abraham til å forlata sitt eige land for å fara til eit land som Gud skulle visa han langt borte, sa han at han skulle vera velsigna og verta til velsigning slik at alle ætter på jorda skulle verta velsigna i han (1.Mos.12,1-3). Denne lovnaden vart stadfesta mange gongar både til Abraham, Isak og Jakob.

"Her ser vi at Gud seier at han kan berre gje Abraham det han har lova, om Abraham byr barna og alle etterkomarane sine å halda seg til Herrens veg og gjera rett og skil"

Men vi oppdagar at det er vilkår knyta til denne lovnaden. Gud sa:

Abraham skal då verta til eit stort og sterkt folk, og i han skal alle folk på jorda velsignast. Til det har eg valt han ut at han skal by sønene og etterkomarane sine å halda seg til Herrens veg og gjera rett og skil, så Herren kan la Abraham få det han har lova han." (1.Mos.18,18-19)

Her ser vi at Gud seier at han kan berre gje Abraham det han har lova, om Abraham byr barna og alle etterkomarane sine å halda seg til Herrens veg og gjera rett og skil. Ei rett oppseding er med andre ord heilt nødvendig om alle ætter på jorda skal få del i den velsigna Gud ønskjer dei skal få del i. På denne bakgrunn kan vi også forstå kvifor Guds fiendar gjer alt dei kan for å undergrava ei målretta oppseding og gjev det stygge namn som overtramp, brot på menneskerettane og barnemishandling!

Vi har følgd våre seks barn gjennom den offisielle norske skulen og vore med på tallause samlingar for foreldre og ganske mange avslutningsfestar. Eg har meir enn ein gong vorte forskrekka av det som både lærarar og skuleleiarar har sagt om det målet dei har for skulen sitt arbeid med barna. Det har vore langt frå den kristne formålsparagrafen som

skulen i si tid hadde. Difor forstår eg godt dei som startar kristne skular som kan hjelpa til ei god oppseding i tillegg til formidling av kunnskap.

Legg merke til det Gud seier Abraham er utvalt til å gjera: "*Han skal by sønene ...*". Det vil seia at oppsedinga må skje med fast, men mjuk hand. Foreldre har ansvar for å oppdra barna sine til å halda seg på Herrens veg, å leva etter Guds gode lover og forordningar. Dei

skal ikkje berre koma med forslag eller milde råd. Foreldre er sett til å utøva autoritet over barna sine når dei oppseda dei til å gjera rett og skil! Barn som veks opp i kristne heimar skulle aldri vera ein del av ein forhandlingsgenerasjon, som forhandlar om alt og må forstå alt før dei vil lyda! Kristne foreldre må utøva autoritet på rett måte så barna lærer å gå på Herrens veg og lyda dei som er over dei i Herren. Det er foreldra sitt ansvar å formidla at noko er godt og noko er vondt, noko er rett og noko er galt. Det finnest evige og absolutte sanningar som ingen kjem utanom om dei vil lukkast i livet. Difor må barna læra Gud å kjenna så dei har eit fast punkt å orientera seg ut frå i ein verden kor alt anna er i endring og synest å gå i oppløysing.

Det er eit mål for oppseding at menneske går på Guds vegar og lever etter hans gode lover. Dette vil dei berre gjera om dei lærar å verdsetja det Gud seier oss i sitt ord er verdt å setja høgt. Oppseding er å formidla desse verdiane så dei vert bygd inn i det indre verdigrunlaget som eit menneske ber med seg og som styrer alt det dette mennesket gjer.



Oppseding og rettleiing etter Herrens vilje

Apostelen Paulus formanar fedrane til ikkje å vekkja sinne og trass hjå barna, men heller gje dei oppseding og rettleiing som er etter Herrens vilje (Ef.6,4). Guds ord seier at vi skal læra barna å velja den rette vegen medan dei er unge slik at dei ikkje vik av frå han då dei vert gamle (Ord.22,6). Det er verdt å merka seg at apostelen Paulus seier at Guds nåde oppsedar oss til å seia nei til gudløyse og verdslege lyster så vi kan leva i sjølvttukt, rettferd og gudsfrykt (Tit.2,12).

Desse tre bibelorda seier oss noko veldig viktig. For det første må vi foreldre forstå at om vi går fram på feil måte oppnår vi berre å vekkja sinne og trass, og då har vi mislukkast. Då må vi audmjuka oss og be Gud om nåde til å oppseda barna på Guds måte. Foreldre har rett å by barna sine å gjera det rette, og dei har plikt til å starta veldig tidleg med å gjera det! Men foreldre må ikkje utøva autoritet på ein vilkårlig eller autoritær måte, for då undergrev dei sin eigen gudgjevne autoritet! Den myndige nåden har stor oppsedande verknad!

For det første må foreldre sjå

på barna sine som gåver frå Gud (1.Mos.33,5; Sal.127,3) som dei har fått i si varetekt for å oppseda til å gå på Guds veg og tena han. For det andre må vi forstå at dei råd som Herren gjev oss om

"Guds ord seier at vi skal læra barna å velja den rette vegen medan dei er unge slik at dei ikkje vik av frå han då dei vert gamle"

å oppseda barn er veldig gode og trygge å følgja. Det er dumt å tru at vi kan gjera ting på betre måtar enn Guds måtar. La oss sjå på nokre råd frå Herren:

1. Fortel dei om Guds store gjerningar

Då Herren fria Israels folket ut av trældomen i Egypt, sa han at israelittane skulle fortelja om hans store teikn og velgjerningar for dei (2.Mos.10,2;). Det same finn vi mange andre stader i Guds ord. Salmisten seier det slik: *"Det vi har høyrte og kjenner til, det våre fedrar har fortalt oss, det døl vi ikkje for deira born. Vi vil fortelja til ætta som kjem, om Herrens herlege verk og hans velde, om alle dei under han har gjort"* (Sal.78,3-4).

Det er viktig å fortelja barna om Guds undergjerningar og storverk slik vi finn forteljningane i Bibelen. Dei treng å få sin identitet hjå jenter og gutar, kvinner og menn, som trudde Gud og var trufast

mot han, i dei bibelske forteljningane. Likeins treng dei å høyra frå foreldre si vandring og opplevingar med Gud og verta styrka i sin identitet som ein del av Guds folk i vår tid, som står i ein ubroten samanheng med Guds folk i Bibelen.

Det er vanskeleg å overvurdera verdien av forteljninga om Guds gjerningar i oppseding. Vi må hjelpa barna å sjå seg sjølv som ein del av Guds store gjerningar og ta del i den store forteljninga om Guds gjerningar i vår tid.

2. Prenta Guds ord og dei ti boda inn i barna

Gud gav Israelfolket klare påbod om å læra barna Guds ord og lov ved den måten dei tala om boda på heime, når



dei var ute og gjekk, når dei la seg og når dei stod opp (5.Mos.11,19). Likeeins skulle dei fortelja om koss dei fekk dei ti boda overgjeve med serskilt påbod om å læra dei til barna (5.Mos.4,9-14). Faktisk skulle dei prenta Guds ord og dei ti boda inn i barna (5.Mos.6,4-9). Formålet var sjølvsagt at både foreldre og barn skulle leggja vinn på å leva etter Herens bod. Då ville det gå dei vel og dei ville verta mange og leva lenge i landet (5.Mos.6,2-3).

3. Sei at dei må halda boda og leva etter Guds ord

Det er ein stigande intensitet i formaningane om å formidla Guds ord til den oppveksande slekta. På slutten av livet sitt bruker Moses veldig sterke ord: "Legg dykk no på hjarta alle desse orda som eg i dag har tala til åtvoaring for dykk. Og sei frå til borna dykkar at dei skal halda alle boda i denne lova og leva etter dei. For dette er ikkje tome ord, men sjølve livet for dykk. Held de dei, skal de få leva lenge i det landet de tek i eige når de går over Jordan" (5.Mos.32,46-47). Noko av det same alvoret finn vi då David la på Salomo sitt hjarta å tena Herren (1.Krøn.28,9-10).

Målet for oppsedinga og formidlinga

"Målet for oppsedinga (...) er at etterkomarane våre lever i samsvar med Guds vilje (...) og at dei er i stand til å læra dei komande slektene å gjera det same!"

av Guds ord er at etterkomarane våre lever i samsvar med Guds vilje slik han er framstilt i Bibelen og at dei er i stand til å læra dei komande slektene å gjera det same!

Han gav sine bod i Jakob og sette ei lov i Israel. Den baud han våre fedrar å gjera kjend for sine born. Han ville at den komande ætt, dei born som sidan vart fødde, skulle læra lova å kjenna. Så skulle dei stå fram og kunngjera henne for sine born, for at dei kunne setja si lit til Gud og ikkje gløyma Guds gjerningar, men nøye halda hans bod. (Sal.78,5-7)

Så det mennesket som høyrer Gud til, kan verta som det skal!

Ved hjelp av Guds ord oppsedar vi barna våre til å verta menneske som høyrer Gud til, og vi oppsedar alle som høyrer Gud til å verta som dei skal, dugande til all god gjerning (2.Tim.3,16-17)! Desse orda understrekar endå ein gong kor viktig Guds ord er i oppsedinga. Om vi forsømer å gje barna og den komande

slekta ei grundig undervisning i Guds ord, då undergrev vi all oppseding, for då har ikkje oppsedinga ein urikkande grunnvoll å byggja på lenger. Utan eit fast fundament vil alle seder gå i oppløysing.

Når vi bruker Guds ord i oppsedinga kan vi ha håp om å hjelpa barn og vaksne til å verta som dei skal, verta fullkome førebudde, koma i rett skikk, så dei fullt ut kan makta si oppgåve i livet og vera fullt rusta og klar til innsats for det gode. Denne lange setninga er eit samandrag av fleire ulike omsetjingar av 2.Tim.3,17 og viser ganske klart kva oppsedinga handlar om.

Det handlar om å koma i rett skikk. Det handlar om å vera førebudd på livet med sine mange vanskar og utfordringar. Det handlar om å vera utrusta til å makta dei oppgåver ein møter i kvardagen, - på skulen, på universitetet, på arbeidsplassen, i politikken, i kulturlivet,

ja på alle område av samfunnet.

Det handlar om å oppseda folk til å takla livet på ein god måte, så dei kan vera nyttige samfunnsborgarar som tener det samfunnet dei er ein del av, og gjera det til ein betre plass å vera for alle menneske.

Ei kristen oppseding kan difor ikkje vera ei snever religiøs oppseding! Den kristne oppsedinga er brei og har med heile mennesket å gjera. Ei kristen oppseding har som mål å gjera folk heile på alle område slik at dei meistrar livet med alle sine uventa utfordringar!

TEKST: ERLING THU
et@krinet.no

Fars rolle i familien

Da Gud skapte mann og kvinne førte han dem straks sammen i en pakt kalt ekteskapet. Guds plan var at barn skulle vokse opp i et trygt og stabilt forhold der far og mor demonstrerte trofast paktskjærighet. Både far og mor er like viktige i Guds plan. I denne artikkelen vil jeg likevel sette søkelyset på fars oppgave. Faktum er at hver eneste Far representerer Gud overfor sin familie. Spørsmålet er om vi som fedre er gode eller dårlige representanter. Jeg vil våge påstanden at et av de største problemene i vår tid er fedre som gir et galt bilde av Gud og som svikter sin oppgave!

Gud som far

Det siste verset i det gamle testamentet forteller oss at nasjoner blir reddet fra ødeleggelse når Gud får berøre fedrenes hjerter¹. Fedrenes respons til Gud er avgjørende for hvordan barna skal reagere. Gud forventer at fedrenes hjerte vendes til barna. Bare da vil barnas hjerter vendes til fedrene.

Vi er privilegerte som får kjenne Gud. Han er først av alt en fullkommen Far. Hans uttrykte ønske er å ha en stor familie². Derfor kan vi gå til Guds ord for å se hvordan en familie kan fungere. Familiereasjoner oppstod i himmelen i Guds eget vesen. Gud innstiftet ekteskapet og familien, det er ikke bare en av flere samlivsformer som mennesker har utviklet.

Jesus ble sendt til jord for å gjøre ting. På den ene siden skulle han betale for våre synder, så vi kunne bli tilgitt og forsonet med Gud. På den andre siden skulle han åpenbare "Gud som far" og gjøre oss til en del av hans familie. I sin siste bønn³ som disiplene var vitne til, sa Jesus to ganger: "Jeg har åpenbart



"Hans uttrykte ønske er å ha en stor familie. Derfor kan vi gå til Guds ord for å se hvordan en familie kan fungere"

ditt navn for dem". Hvilket navn var det jødene ikke hadde kjent og som Jesus åpenbarte for disiplene? Det var navnet far! Han demonstrerte Gud som far, ved sin undervisning og ved måten han levde mellom dem mens han var på jord. Han sa til dem: "Jeg er veien.....til Far"⁴! Gud har nå talt til oss i Sønnen!⁵ Det er en far som taler, og det er annerledes enn åpenbaringen som kom gjennom profetene. Annerledes ved at Jesus i alt han gjorde demonstrerte Far, ikke bare ved det han sa, men ved det faktum at han var en sønn. Budskapet var det samme, men åpenbaringen større. Det var dette fariseerne ikke tålte. Jesus var den eneste som kunne bringe denne åpenbaringen⁶, og fariseerne raste og tok ikke imot. Religion kan aldri fatte dette.

Gud er Jesu Kristi far, og vår far. Paulus bøyde sine knær og bad til Far. Han er opphavet til alt familieliv, alt farskap, alt som heter barn i himmelen og på jord. Det nære, personlige og kjærlige forholdet som var mellom Far og Sønn fra før skapelsen, har Jesus nå ført oss inn i ved sin død og oppstandelse.

Fedre som viser kjærighet

Når alt skjer normalt, lærer mannen å være en god ektemann før han blir far. Oppgaven for mann og kvinne i ekteskapet er å være et bilde på universets største kjærighetsdrama, forholdet mellom Kristus og menigheten. Gud vil demonstrere sin kjærighet i flere dimensjoner. Først vises den i en intim kjærighet mellom ektefeller. Deretter

i den beskyttende kjærlighet som foreldrene har for sine barn. Og videre i en kjærlighet som når ut til de som ikke opplever kjærlighet – farløse og enker⁷. For at menigheten skal få vist Guds kjærlighet i verden, må fedrene ta sitt ansvar på alvor. Som fedre trenger vi å reflektere Kristi tjeneste i måten vi fungerer på. Både hans offervilje som prest, hans evne til å høre fra Gud som profet og hans evne til å styre etter Guds vilje som konge skal reflekteres i fars rolle i familien. Når vi forstår at Kristus er hode for hver mann, får vi all den nåde vi trenger i den krevende oppgaven Gud har gitt oss som hode.

Som fedre trenger vi å sjekke hvordan vi fungerer i disse områdene:

Er jeg trofast som prest for min familie, ved daglig å be for kone og barn? Hvor ofte takker jeg Gud for dem?

Hvor godt har jeg som profet representert Gud i familien? Har jeg formidlet bilde av en stødig og kjærlig Far i himlen eller har de fått en karikatur som gir avsmak?

Har jeg som konge oppdratt mine barn med en kjærlighet som kombinerer ubetinget akseptering og fasthet slik at de er gode samfunnsborgere? Har jeg satt grenser for dem slik at de er beskyttet mot de onde krefter som er virksomme i verden?

Ta ditt ansvar, far

Gud holder hver ektemann ansvarlig som hode i familien. Det er viktig at hver ektemann godtar den posisjon Gud har gitt han, og tar på seg ansvaret som følger med. Først når jeg tar dette ansvaret vil Gud utruste meg med den autoritet som trengs for oppgaven. Gud gir aldri ansvar uten autoritet, og han gir aldri autoritet uten ansvar. Den romerske offiseren⁸ gjenkjente at Jesu autoritet på det åndelige området var likeartet med hans militære område. Han forstod at en må være under autoritet for å ha autoritet. Autoritet blir alltid overført nedover fra en høyere kilde. Jesus har fått all autoritet i himmel og på jord. Han vant den posisjonen ved å tjene og legge ned sitt liv. Slik skal også vi som fedre tjene og legge ned våre liv. La oss huske på at Gud gir nåde til de ydmyke. Som

fedre må vi ydmyke oss under Guds veldige hånd. Vi trenger å anerkjenne Hans legeme og leve i åpenhet og avhengighet av brødre som kan være til hjelp for oss. Ingen fedre som isolerer seg fra Jesu legeme har noen mulighet til å lykkes i den viktige oppgaven Gud har gitt oss.

Hver eneste familie må finne sin egen måte å fungere på. Far og mor

"Det er viktig at hver ektemann godtar den posisjon Gud har gitt han, og tar på seg ansvaret som følger med. Først når jeg tar dette ansvaret vil Gud utruste meg med den autoritet som trengs for oppgaven"

bestemmer når familien skal spise sammen, når de yngste skal komme inn, leggetid, hva barna skal se på TV, hvordan internett brukes og så videre. Selv om foreldrene er sammen om dette, hviler det endelige ansvaret for ro og orden i hjemmet på fars skuldre. Han må til slutt stå ansvarlig for hele familien innfor Gud.

Sann kjærlighet

Når vi ser på Fars forhold til Jesus, merker vi oss først av alt Fars ubetingede kjærlighet til sin Sønn. Jesus var helt trygg i Fars kjærlighet og gav uttrykk for det stadig vekk⁹. Samtidig uttrykte Far sin kjærlighet til Sønnen igjen og igjen¹⁰. Det er viktig at vi som fedre viser ubetinget kjærlighet, og setter ord på det igjen og igjen.

Jesus måtte lære lydighet¹¹. Dette viser oss at lydighet ikke kommer av seg selv, men må læres. Dersom vi elsker våre barn rett, må kjærligheten også komme til uttrykk i tukt når det er nødvendig. Måten å få ulykkelige og frustrerte barn på er å skjemme dem bort, gi dem alt de ønsker seg, og gi stadig etter for deres krav. Slike barn får vansker med å takle hverdagen når de vokser til. Dagbladet har i serien "Når to blir flere" følgende advarsel fra en professor i pedagogikk: "Forhandlinger og snillisme i barneoppdragelsen kan lett gjøre de voksne handlingslammet og barna uttrygge."¹² Det er viktig at vi forstår Guds befaling til alle barn.

Dere barn skal være lydige mot foreldrene deres i alle ting, for det er Herrens gode vilje. Dere fedre skal ikke behandle barna slik at de blir forbitret og mister motet¹³. Det er først og fremst fedrene som har ansvar for at barna lærer å lyde. Guds ord påpeker at fedrene må gjøre det på en måte som ikke skaper trass og motløshet. Late fedre har ofte sviktet barna på dette området. Det

krever i første omgang mye mindre av foreldrene å spolere barna enn å disiplinere dem. Men denne latskapen kan vise seg å være veldig kostbar. Barn må lære å lyde for "Herrens skyld"¹⁴. Dersom barna ikke lærer å lyde sine jordiske foreldre, stiller de med et veldig handikap i sitt forhold til Gud.

Som fedre har vi et klart ansvar til å vandre med Gud. Da lover Gud at vi skal være velsignet og glede oss over våre barn. Det er trist å oppleve fedre som er under forbannelse og ikke kan glede seg over sine barn. La oss fylle nasjonen med lykkelige familier der far tar sitt ansvar og gledesstøy høres fra alle hjem.

**TEKST: NORALV ASKELAND
na@krinet.no**

- 1 Mal.4,6
- 2 Rom.8,29
- 3 Joh. 17,6 og 26
- 4 Joh. 14,6-7
- 5 Hebr.1,1-2
- 6 Matt.11,27
- 7 1. Pet.1,27
- 8 Luk.7,6-8
- 9 Joh.3,35 og 5,20
- 10 Luk.3,22
- 11 Hebr.5,8
- 12 Dagbladet 27.jan 2004
- 13 Kol.3,20-21
- 14 Ef.6,1-2

Foreldreansvaret

Ei talskvinne frå Human Rights Watch kom for ei tid sidan med sterke utsegner om foreldre som "tvingar" si tru på barna sine. Utspelet kom i samband med diskusjonen om forbod mot religiøse symbol i skulen, og ho støtta eit slikt forbod. I staden for å kjempa for menneskerettane slik namnet på organisasjonen skulle tyda på, undergrev talskvinna grunnleggjande menneskerettar med desse utspela sine.

Det har i lengre tid vore sterke åtak på foreldrerett og foreldreansvar frå sosialistiske politikarar og det er sorgjeleg at organisasjonar som vil kjempa for menneskerettar legg seg på same linje. Spora tilbake til dei såkalla sosialistiske statane der dei fleste menneskerettane hadde dårlege kår burde vera åtvaring nok!

Det er viktig at vi som er kristne ikkje let oss skræma av dei ulike utspel mot foreldreretten eller foreldreansvaret. Vi må stå fast og visa at den retten og det ansvaret vi har som foreldre kviler i Guds skaparordning og er innebygd i naturen. Vi må kunna argumentera ut frå både naturrett, internasjonale menneskerettar og kristen lære.

Foreldreansvaret er innebygd i naturen

Heile naturen lærer oss at foreldre tek ansvar for å føda og læra opp ungane sine til å kunna overleva, fungera og reprodusera seg sjølv innaføre sitt artsfelleskap. Naturen viser oss at dess meir sårbare ungane er ved fødselen, dess større ansvar er det for foreldre å verna dei mot ytre fårer og sorgja for eit trygt miljø å veksa opp og læra i.

Det er foreldre sin naturgjevne rett og ansvar å oppseda barna sine i si tru



"I dei internasjonale menneskerettane er foreldreansvaret medrekna (...) Ut frå desse rettane må vi stå fast på foreldreansvaret for oppseding og opplæring av barna våre til gode kristne samfunnsborgarar"

og livssyn slik at dei sjølve vil gje desse verdiane vidare til dei barn dei måtte få når tida er inne for det. Alt anna vil vera naturstridig!

Foreldreansvaret er ein menneskerett

I dei internasjonale menneskerettane er foreldreansvaret medrekna. Ein kvar har rett til respekt for sitt privatliv og familieliv. Ein kvar har rett til tankefridom, samvitsfridom og religionsfridom; denne retten omfattar fridom til å skifta sin religion eller overtyding, og fridom til enten aleine eller saman med andre og offentleg som privat å gje uttrykk for sin religion eller overtyding, ved tilbeding, undervisning,

praksis og etterleving.

Ut frå desse rettane må vi stå fast på foreldreansvaret for oppseding og opplæring av barna våre til gode kristne samfunnsborgarar. Det er vår sjølvsgde rett å oppseda barna våre i samsvar med vår kristne tru. Mange totaltære statar nektar innbyggjarane sine denne retten, men det kan vi ikkje tillata!

Foreldreansvaret er ein del av forvaltaroppdraget vårt

Då Gud skapte mennesket i sitt bilete, gav han oss eit forvaltaroppdrag over skaparverket (1.Mos.1,26-28). Dette innebar å vera fruktbare, verta mange, fylla jorda og leggja henne under oss. Det ligg i dette eit ansvar i å ta vare

på og kultivera det som er gjeve oss. Vi har ansvar for miljøet rundt oss i vid forstand.

Alle menneske har eit ansvar for å søkja kunnskap og opplæring for å kunna arbeida for å ta vare på evner,

"Det kristne foreldreansvaret må forståast i lys av misjonsoppdraget. Det er foreldra sitt ansvar å læra barna sine å leva i samsvar med Guds gode lover og oppseda dei til å læra dette vidare!"

talantar, miljø og ressursar som er tilgjengelege for oss, til ære for Gud og til det beste for våre medmenneske og oss sjølve. Heimen og foreldreansvaret er grunnleggjande for å kunna fullføra det kulturelle forvaltaransvaret Gud har lagd på alle menneske! Dette foreldreansvaret inneber oppseding, opplæring, utdanning og forskning på alle område av livet. Foreldreansvaret omfattar alt barna er med på.

Foreldreansvaret er innebygd i dei ti boda

Gud sa om Abraham at han var utvalt til å by sønene og etterkomarane sine å halda seg til Herrens veg og gjera rett og skil (1.Mos.18,19). Faktisk var det slik at oppfyljinga av dette foreldreansvaret var avgjerdande for om Abraham og hans etterkomarar kunne få lovnadene oppfylt. Difor er det ikkje overraskande at det femte bod (2.Mos.20,12; Ef.6,1-2) seier at barna må æra foreldra sine ved å lyda dei. Dei ti boda må gøymast i hjarta og prentast inn i barna frå dei er små så dei vert ein del av verdigrunnlaget deira (5.Mos.6,1-9). Det er foreldra sitt ansvar å hjelpa barna å leva etter Guds gode vilje, slik det kjem til uttrykk i Bibelen, og verdsetja dette gode livet så høgt at dei vil gje det vidare til neste generasjon!

Foreldreansvaret er ein del av misjonsoppdraget

Jesus kom til verda for å frelsa syndarar og fullføra Guds frelsesplan. Denne frelsesplanen er å samla alt i himmel og på jord under Guds gode styre (Ef. 1,10). Misjonsoppdraget (Matt.28,18-20) er å forkynna evangeliet om Guds rike

slik at folk vender om frå synd og bøyer seg under Jesu Kristi herredømme. Misjonsoppdraget inneber ei kristning av folkeslag slik at heile nasjonar, kulturar og samfunn vert fylt av Guds rike og hans rettferd.

Det kristne foreldreansvaret må forståast i lys av misjonsoppdraget. Det er foreldra sitt ansvar å læra barna sine å leva i samsvar med Guds gode lover og oppseda dei til å læra dette vidare!

Foreldreansvaret er viktig i eit pluralistisk samfunn

Vi lever i eit samfunn med mange verdisyn og ulike livssyn. Vi lever i eit samfunn kor mange ulike religionar er aktivt tilstades. Dess meir pluralistisk samfunnet vert, dess viktigare er det å løfta opp foreldreansvaret! Foreldre har rett til å seia at ikkje alt er like godt og dei må hjelpa barna til å ta dei rette val og stå for dei gode kristne verdiane.

Moral og etikk vert i dag lausrive frå ei guddommeleg grunngeving. Kristne foreldre må kunna visa barna sine at den gode moralen først og fremst har sitt opphav i Guds skaparordningar og hans gode lover. Kristne foreldre må hjelpa barna til trygg tru og tillit til Skaparen og Frelseren slik at dei kan stadfesta, utbreia og forsvara trua si. Kristne foreldre må hjelpa barna sine til god oppførsel og identitet ved å undervisa om samliv, homofili, abort, genmanipulering osv. så dei kan stå mot presset frå aggressive grupper i samfunnet som er på kollisjonskurs med Guds ord. Kristne foreldre må hjelpa barna sine til å ha ei kritisk haldning til den påverknad dei meir enn nokon gong før vert utsett for gjennom utdanning, kultur og ulike media i samfunnet.

Foreldreansvaret og skulen

På grunnlag av det vi har sagt ovanfor kan ikkje kristne sjå bort frå det ansvaret

dei har for barnas skulegang. Vi kan ikkje lenger vera trygge på at skulane formidlar verdiar som er i samsvar med den kristne trua. Det inneber at foreldre må følgja nøye med i kva som føregår på skulen og kva slags verdiar som vert formidla der. Dette gjeld sjølvstundt også om ein vel å senda barna sine til ein privatskule. Foreldre må i samarbeid med lærarane, så langt som råd ta del i å utvikla den lokale skulen og gjera han til ein plass for god læring, danning og modning av unge menneske.

Kristne foreldre har gjennom alle år teke ansvar for opplæring av sine egne og andre sine barn. Dei kristne har i tidlegare tider vore i fremste rekkje i å starta skular og utdanningsinstitusjonar til nytte for samfunnet. Fleire og fleire kristne foreldre vaknar opp for ansvaret sitt på dette området. Somme av dei går aktivt inn for å starta kristne friskular medan andre engasjerer seg i den offentlege skulen. Det er veldig positivt at foreldre tek ansvaret sitt for barna sin skulegang på alvor.

Det kristne foreldreansvaret

Kristne foreldre har eit serskilt ansvar i å læra barna sine å ottast og elska Herren. Barna må læra å kjenna Herren og gjera personlege erfaringar med han. Det kristne foreldreansvaret er å oppseda barna til ei levande tru og eit personleg kjennskap til Jesus Kristus, vår Herre. Vi skal også oppseda og utdanna barn og unge til gode samfunnsborgarar som tek sitt forvaltaroppdrag på alvor og vil arbeida for å gjera samfunnet endå betre for alle menneske.

Det kristne foreldreansvaret er å gje kristne verdiar og haldningar som gjer at dei unge kan møte livet og all påverknaden dei vert utsett for på ein god måte. Kristne foreldre vil hjelpa barna sine til å vera ytarar og ikkje nyttarar! Kristne foreldre vil hjelpa barna sine å tena Guds plan i si levetid slik at samfunnet kan fyllast med Guds rike og hans rettferd. Det kristne foreldreansvaret er livsviktig for Guds rikes framgang i verda!

**TEKST: ERLING THU
et@krinet.no**



Ropet etter åndelige foreldre

"Fins det noen modne kristne som kan komme og hjelpe oss?" Utfordringen fra den unge forkynneren gjallet i kirkeveggene. Bønnerommet i kjelleren var fylt av ungdommer som søkte frelse, men det var så altfor få som kunne veilede dem. Det var i starten av Jesusvekkelsen i Grenlandsområdet.

Hundrevis av ungdommer søkte Gud i denne perioden på begynnelsen av 70-tallet. Men som så ofte ellers, døde vekkelsen hen i mangel på åndelige foreldre. Et fåtall av dem som tok imot Jesus, lever som kristne i dag.

Bønn om åndelige foreldre

I dette møtet i Metodistkirken i Skien for over 30 år siden, satt en ung mann, i begynnelsen av 30-åra. Han visste at

han, i likhet med de fleste andre i kirka, på det tidspunktet ikke var i stand til å veilede de unge frelsessøkende, men han husker at han ba en bønn: "Kjære Gud! Før du sender en ny vekkelse, må du reise opp åndelige fedre og mødre som kan ta seg av de nyfrelste!"

Ny vekkelse på vei

En ny "Jesus-vekkelse" er på vei. Folk i Norge lengter etter åndelige realiteter. Mange er åpne for evangeliet og vil gjerne snakke med kristne om Jesus. Annenhver uke plantes det en ny menighet i landet vårt. Det ser ut til at nedgangen i antall menighetsmedlemmer har snudd for første gang på flere tiår.¹ Likevel er vi som Guds folk i Norge dessverre ennå ikke på høyde med situasjonen. Jesu egne ord beskriver dette så altfor godt: "Høsten er stor, men arbeiderne få."² Vi trenger å bli opptatt med oppdraget Jesus har gitt oss i Misjonsbefalingen³, både den første delen om å gjøre folkeslag til

disipler, men også den delen om å lære dem å holde alt Jesus har befalt. Til det trengs det åndelige foreldre.

Familierelasjoner og vekstvilkår

Menigheten er Guds familie.⁴ Der lar Gud de ensomme finne et hjem.⁵ I et forpliktende hverdagsfellesskap, der ingen kaller noe for sitt eget⁶, men legger ned livet for hverandre⁷, vokser vi til modenhet som kristne. Etter en viss tid, skulle alle kristne være i stand til å lære opp andre.⁸ I et normalt menighetsfellesskap, vokser vi fra åndelige barn, til åndelige ungdommer og videre til åndelige foreldre.⁹ Men ikke alle menigheter er kjennetegnet av varme familierelasjoner og gode vekstforhold.

Barnehagen i Korint

Til og med i Det nye testamente finner vi menigheter med mange læremestere og få fedre.¹⁰ Menigheten i Korint var

en sånn menighet. De hadde rikelig med åndelige gaver.¹¹ De hadde gode talere og mye kunnskap.¹² Likevel hadde de ingen åndelig vekst.¹³ Paulus kunne ikke skrive til dem som til åndelige, for de var kjødelige. De levde som ufrelste, selv om de hadde Den Hellige Ånd i seg.¹⁴

Ingen forskjell på kristne og ikke-kristne

For noen måneder siden så jeg en forsker i et kristent TV-program. Han hevdet at en ikke lenger kan se noen forskjell på kristne og ikke-kristne i det amerikanske samfunn. Når det gjelder måten man prioriterer tida si på, pengebruk, hva man ser på TV, skilsmisseprosent og moral forøvrig er det praktisk talt ingen forskjell å spore, påstod han.

Den institusjonaliserte kristendommen er kraftløs og har minimal effekt på samfunnet rundt oss. Den selsvrenterte og privatiserte religionsutøvelsen produserer åndelige pygméer med store hoder og små hjerter, ute av stand til å forandre verden til det bedre.

Oppblåste småunger

Hvordan kan det gå an at kristne med så mange nådegaver og så mye kunnskap, kan være en flokk med oppblåste småunger? Det er nettopp det møte- og aktivitetsorientert menighetsvirksomhet gjør med oss. Vi får masse kunnskap, men får ikke hjelp til å leve.

Menighetsliv i det 21. århundre har blitt noe ganske annet enn originalutgaven. Det virker som om menighet handler om møter, aktiviteter og bygninger. Menighet har blitt noe en kommer til og går hjem fra, eller som en "står i" og "går i" ettersom det passer, uten at det stilles krav til måten vi lever på. Det anonyme "gudstjenestefellesskapet" er en tragedie. Det produserer sjølgode bedrevitere med et hav av avstand mellom religionsutøvelse og hverdagsliv, ute av stand til å se seg selv og verden omkring seg i Guds lys.

Hørselsproblemer

Vi har tatt med oss skolemåten å høre på inn i Guds hus. Den måten å høre på blir et hinder for åndelig vekst. Når

forfatteren av Hebreerbrevet slår fast at leserne hans fortsatt var åndelige småbarn, til tross for at de burde vært i stand til å lære bort, viser han at grunnen var hørselsproblemer.¹⁵ De hadde blitt

"I et normalt menighetsfellesskap, vokser vi fra åndelige barn, til åndelige ungdommer og videre til åndelige foreldre. Men ikke alle menigheter er kjennetegnet av varme familierelasjoner og gode vekstforhold"

tunghørte. Det er ikke å undres over at Jesus ba oss passe på hvordan vi hører.¹⁶ "Hver morgen vekker han mitt øre, så jeg kan høre på disiplers vis"¹⁷, skriver profeten.

Høre er å gjøre

Det er stor forskjell på en far og en lærer. Læreren er opptatt av å formidle kunnskap. Far er opptatt med å oppdra. Det er stor forskjell på fars og lærerens forventninger til måten barna skal høre på. Eleven skal ta inn kunnskap og kunne gjengi det hun har lært, mens far forventer at barnet skal gjøre det han sier. "Hørte du ikke hva jeg sa?" sier far hvis barnet ikke umiddelbart reagerer på tiltale. Oppdraget Jesus ga oss var å gjøre folk til disipler og lære dem å holde alt det han har befalt.

Barn, unge, fedre

I sitt første brev bruker Johannes tre uttrykk om folka i menighetene: barn, unge og fedre.¹⁸ Når vi leser hva han skriver, forstår vi at dette var betegnelser for åndelige utviklingsnivåer og hadde ingenting med alder å gjøre. Noen i menighetene var nye kristne eller åndelig umodne. De var barn. Andre hadde lært å takle livet og seire over hverdagens problemer.¹⁹ De kaltes unge. Så var det noen som hadde vokst til modenhet og kjente Gud på et dypere plan. De var åndelige foreldre.

Hvorfor bruker apostelen betegnelsen fedre og ikke voksne for de modne? Kanskje fordi det er noe av det som preger modne folk; de foster nye. Folk som ikke er engasjert i å få fram nye kristne, er ikke åndelig modne.

Min ektefødte sønn i troen

Bibelen har flere flotte beskrivelser av åndelige fedre. En av disse er Paulus og hans forhold til sin "ektefødte sønn i troen", Timoteus.²⁰ Gjennom et nært

og personlig forhold mellom den sterke apostelen og den sarte disippelen, vokste Timoteus opp til å bli Paulus sin beste medarbeider, med den samme omsorg og det samme hjertelag for mennesker som Paulus selv hadde.²¹ Timoteus ble ikke fostret gjennom ukentlige samlinger og medarbeidersamtaler, men gjennom å leve tett innpå apostelen døgnet rundt. Paulus skriver til Timoteus: "Du har fulgt meg i lære og liv, i holdning, tro, tålmod, kjærlighet, utholdenhet."²²

Varme og nære relasjoner

Forholdet mellom Paulus og Timoteus var prega av varme relasjoner og nære bånd. "Han har vært som en sønn for meg når vi sammen har gjort tjeneste for evangeliet" skriver apostelen.²³ "Jeg minnes dine tårer, og jeg lengter etter å se deg igjen; det ville gjøre meg inderlig glad" skriver han i et av sine brev til disippelen.²⁴ Paulus ga ham råd i helt personlige ting, som hva han skulle drikke²⁵ og hvordan han skulle forholde seg til unge damer.²⁶

Personlig involvering

Vi vil aldri føre folk til modenhet kun gjennom forkynnelse, bøker, skoler og møter. Vi må gi folk ikke bare Guds Ord, men også våre liv.²⁷ Vi må formane folk natt og dag med tårer.²⁸ Vi må bli venner med dem vi skal hjelpe²⁹, ta oss av dem og gi dem grundigere kjennskap til Guds vei.²⁹ På samme måte som Jesus trente sine disipler i livets ulike situasjoner, ikke i møtelokaler, atskilt fra det virkelige liv, må vi involvere oss i folks hverdag. Hvis vi bare viser folk den profesjonelle "møtefasaden", vil lærlingene aldri identifisere seg med oss.



Jesus lot disiplene få være med ham også i de tøffeste kampene i livet, mens han var fylt av angst og gråt.³⁰ Han tok dem med seg i lønnkammeret og lærte dem å be.³¹ Han kom ikke bare og fortalte om erfaringene etterpå.

Mine åndelige foreldre

Jeg takker Gud for mine åndelige foreldre. Tanta mi, gjennom sitt nære forhold til Gud, ble et forbilde for meg allerede som guttunge. Det var hun som ledet meg til Jesus, lærte meg å lese i Bibelen og var der for meg når jeg trengte noen å snakke med. Jeg husker ingen av prekenene i forsamlingen jeg var med i da jeg var tenåring, men jeg husker omsorgen fra enkeltmennesker som brydde seg om meg. For 20 år siden, da jeg ble kjent med Erling Thu, fikk jeg oppleve en ekte åndelig far.

Svar på bønner fra 30 år siden

Ulik andre gode forkynnere jeg kjente, var ikke Erling opptatt av møter og aktiviteter. Han brydde seg om meg som menneske, min familie, økonomi og hverdagslige forhold. Han ble som en god onkel for barna mine,

en kjærkommen samtalepartner og paktsvenn for Elisabeth og meg. Gjennom Erling fikk vi kontakt med andre ektepar som var mer modne enn oss og som på ulike måter var med å fostre og oppdra oss.

Sammen med dem Gud har satt oss sammen med, ønsker Elisabeth og jeg å være med å fostre mange andre, slik at vi sammen kan se en generasjon av modne kristne vokse opp. En generasjon som kan være svar på bønner som ble bedt i Metodistkirken for 30 år siden; om åndelige foreldre, klare til å ta imot vekkelsen Gud sender.

**TEKST: KNUT GUDERGOD OSLAND
ko@krinet.no**

1 Disse opplysningene er basert på informasjon som kom fram på DAWN-konferansen i Bergen januar i år, hovedsakelig gjennom Ommund Rolfsens foredrag.

2 Matteus 9,37

3 Matteus 28,18-20

4 Efeserbrevet 2,19

5 Salme 68,7

6 Apostlenes Gjerninger 4,32

7 1. Johannes 3,16

8 Hebreerbrevet 5,12

9 1. Johannes 2,12-14

10 1. Korinterbrev 4,15

11 1. Korinterbrev 1,7

12 1. Korinterbrev 1,5

13 1. Korinterbrev 3,1ff.

14 1. Korinterbrev 3,3

15 Hebreerbrevet 5,11

16 Lukas 8,18

17 Jesaja 50,4

18 1. Johannes 2, 12-14

19 1. Johannes 2, 14

20 1. Timoteus 1,2

21 Filipperne 2,20-22

22 2. Timoteus 3,10

23 Filipperne 2,22

24 2. Timoteus 1,4

25 1. Timoteus 5,3

26 1. Timoteus 5,2

